

Luna friskole

6699 Kjørsvikbugen

13. desember 2006

Til
Det Kongelige Kunnskapsdepartement

Høringsuttale – endringer i friskolelova

Luna friskole har følgjande kommentarar til forslag til ny friskolelov:

Endringer i friskolelova må ikkje påverke allereie godkjende skolar. Dette fordi både elevar, foreldre og lærarar må ha ein viss tryggleik i høve til skole- og arbeidskvardag.

§ 2-1. Godkjenning av skolar.

a og b) I følgje forslaget vil det bli stilt krav om at verksemda blir drive på religiøst grunnlag, eller med alternativ pedagogikk. Dette kan vere kroken på døra for etablering av friskolar i små bygdesamfunn. Ut frå egne erfaringar veit vi at det ikkje alltid er mogleg å få tak i pedagogar med bakgrunn frå t.d. montessori- eller steinerpedagogikk. Da Luna friskole skulle etablerast, var det ønskjeleg å etablere ein montessoriskole. Etter resultatlause rundar med utlysingar etter lærarkrefter med montessoribakgrunn vart det gått bort frå dette.

§2-2. Krav til verksemda til skolen

Her blir det mellom anna stilt krav om eit minimumstal på 20 elevar. Slik lovteksten er utforma, skolane må oppfylle kravet om 20 elevar innanfor ein 3-årsbolk, kan også oppfattast som noko som kan ramme alt etablerte skolar. Dersom det ikkje er departementet si meining, bør det kome tydeleg fram at dette kravet ikkje gjeld alt etablerte skolar. Som nemnd innleiingsvis må både elevar, foreldre og lærarar kunne ha ein viss tryggleik i høve til skole- og arbeidskvardag.

Minstekravet om 20 elevar kan setje ein stoppar for etablering av skoledrift i små lokalsamfunn. Dersom departementet meiner at det pedagogiske og sosiale miljøet blir for dårleg for elevar og lærarar om elevtalet blir på under 20 i ein friskole, trur vi at dette av lokalpolitikarar kan oppfattast som eit indirekte signal om at også dei kommunale skolane bør ha ei nedre elevgrense på 20 elevar. At det kan oppfattast slik, er vel ganske sjølvsagt, for dersom det er elevtalet som er avgjerande for det pedagogiske miljøet i ein friskole, skulle ein tru at det same var tilfellet i den offentlege skolen. Ut frå dette meiner vi at krav om eit minimumstal kan føre til at mange lokalsamfunn mistar skolane sine, da 20-talsgrensa må vere eit gratis argument for lokalpolitikarar som ønskjer sentralisering av skolestrukturen i sin kommune. Dette er noko departementet også må sjå i ein distriktpolitisk samanheng.

I vårt lokalmiljø er det bra med arbeidsplassar. Likevel ser vi tydeleg at det vil bli vanskeleg å busetje seg her dersom det ikkje er mogleg å oppretthalde ein skole. Få, om ingen, er villige til å kjøre ein halv time kvar veg ekstra morgon og kveld (dvs. 2 timar kvar dag) for å levere ungar i SFO. Da vil busetnadsmønsteret endre seg, om ikkje i løpet av ein to-årsperiode, så i alle fall over ein 10-årsperiode.

Dersom departement og regjering ønskjer å ivareta distrikta, er det viktig å leggje til rette for skoledrift i små lokalsamfunn. Vi ønskjer difor at det igjen vil lempast på dei ovanfornemnde krava når det gjeld godkjenning og tilskot til frittståande skolar i små lokalsamfunn.

Med helsing

Luna friskole

Gunn Sjøli Dromnes
(rektor)

Ragnhild Elise Næss
(styreleiar)